

Bergen 16.04.18

## **Etablering av TAF-tilbod innan Restaurant og matfag (TAF-RM) ved Fusa vidaregåande skule frå hausten 2019 – tilrådingsbrev.**

Fylkestinget vedtok i budsjettsaka desember 2017 at det må satsast meir offensivt på rekruttering til Restaurant og matfag. Søkinga til faget har variert og Helse Bergen ønskjer å bidra i dette arbeidet.

Etableringa av ordninga med å kombinere teori og praksis i et fireårig utdanningsløp (TAF) som gir både praksis, fagbrev og studiekompetanse, har vist seg å vera eit effektivt tiltak for rekruttering til yrkesfaglege utdanningar. Ein har mellom anna erfaring med TAF-løp innan fagområda bygg, elektro, mekanisk, marin og helse.

Fusa vidaregåande skule har alt etablert TAF-utdanning innan helse, mekaniske fag og akvakultur. Erfaring viser at også rekruttering til ordinære fagbrevløp i desse utdanningane auka, etter etableringa av TAF.

Fusa vidaregåande skule ønskjer å etablere TAF-RM frå hausten 2019 og Helse Bergen ser at dette vil vera eit viktig tiltak for å auke rekrutteringa til faget samstundes som det kan auke tilgangen på arbeidskraft med rett fagkompetanse til vår sektor. Helse Bergen vil derfor bidra med å skaffe læreplasser til lærlingar innan institusjonskokkfaget frå Fusa vidaregåande skule innan RM-TAF løpet.

Vennleg helsing,  
for Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen

**Anne Mette Koch**

Seksjonsleder  
Seksjon fag og utdanning,  
Forsknings og utviklingsavdelingen

**Britt Lerøy**

Seksjonsleder  
Enhetsleder  
Hospitaldrift matforsyning